



ØRSTA KOMMUNE

Plan- og miljøavdelinga

201105971-43
KSK/SmF

312

Norges Vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2012/912	7202/2013	SELBERVIK	S11	11.06.2013

**SMÅKRAFTVERK ØRSTA KOMMUNE - HANDSAMING I ØRSTA FORMANNSKAP
04.06.13**

Ørsta formannskap handsama i møte 04.06.13 søknad om bygging av 7 småkraftverk i Hjørundfjorden. Formannskapet si handsaming av søknadene er tidlegare oversendt dykk pr. epost og vert med dette også oversendt som papirutgåve.

Med helsing

Gunnar Wangen
avdelingsleiar plan og miljø

Magnar Selbervik
Magnar Selbervik
miljøvernrådsgjevar

Vedlegg:
Sak 64/13

Kopi m/vedlegg til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	Molde
Volda kommune	Rådhuset	6100	Volda
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal	Kommunehuset	6631	BATNFJORDSØRA



ØRSTA KOMMUNE
politisk sekretariat

Plan- og miljøavdeling for vidare ekspedering

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2012/912	7013/2013	SELBERVIK	S11	07.06.2013

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 4.6.2013, sak 64/13:

SJU SØKNADER OM BYGGING AV SMÅKRAFTVERK I HJØRUNDFJORDEN

VEDTAKET LYDER:

Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdelag i kommunen.

Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.

Med grunnlag i søknadane og med tilhøyrande dokumentasjon har Ørsta kommune fylgjande tilråding for dei ulike søknadane.

Skarbøen kraftverk

Vert tilrådd konsesjon - Det er ein føresetnad at inntaket vert senka til om lag kote 400.

Klubbeneselva kraftverk

Vert tilrådd konsesjon - Det vert anbefalt å senke inntaksområdet ned mot skoggrensa.

Indre Trandal kraftverk

Vert ikkje tilrådd konsesjon.

Skår kraftverk

Vert tilrådd konsesjon – kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urørt og at utbyggjar tek ansvar for straumforsyning til Skår.

Helgåa kraftverk

Vert ikkje tilrådd konsesjon.


Holåa kraftverk

Vert tilrådd konsesjon- Inntaket bør flyttast ned om fossen ved munninga av juvet.

Årsetelva kraftverk

Vert tilrådd konsesjon- Inntaket bør trekkast nokre høgdemeter nedanfor setra.

Rett utskrift:


Kari Osvik
Førstesekr.

Saksprotokoll tilråding / vedtak i Ørsta formannskap - 04.06.2013

Handsaminga (9 r.f.)

Rådmannen v/miljøvernrådgevar, Magnar Selbervik, orienterte i saka og svara på spørsmål.

FrP v/Wenche Volle fremja slikt framlegg:

Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdslag i kommunen. Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.

Med grunnlag i søknadane og med tilhøyrande dokumentasjon har Ørsta kommune fyljande tilråding for dei ulike søknadane.

Skarbøen kraftverk vert tilrådd konsesjon - Det er ein føresetnad at inntaket vert senka til om lag kote 400.

Klubbeneselva kraftverk vert tilrådd konsesjon - Det vert anbefalt å senke inntaksområdet ned mot skoggrensa.

Indre Trandal kraftverk vert tilrådd konsesjon – Utbygginga er den som klart bidreg mest til ny kraftproduksjon, med over 20 Gwh / år. Minstevassføringa bør i juli og august aukast til 200 l/s på dagtid, for å oppretthalde det visuelle fjordlandskapet.

Skår kraftverk Vert tilrådd konsesjon – kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urørt og at utbyggar tek ansvar for straumforsyning til Skår.

Helgåa kraftverk vert tilrådd konsesjon- minstevassføringa bør i juni, juli og august aukast til 100 l/s for å oppretthalde det visuelle fjordlandskapet med tanke på turistsatsinga på Øye og Nordangsdalen.

Holåa kraftverk vert tilrådd konsesjon- Inntaket bør flyttast ned om fossen ved munninga av juvet.

Årsetelva kraftverk vert tilrådd konsesjon- Inntaket bør trekkast nokre høgdemeter nedanfor setra.

Ordføraren heva møtet for gruppemøte.

Etter gruppemøte fremja FrP og Høgre slikt fellesframlegg:

Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdelag i kommunen. Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast. Med grunnlag i søknadane og med tilhøyrande dokumentasjon har Ørsta kommune fyljande tilråding for dei ulike søknadane.

Skarbøen kraftverk

Vert tilrådd konsesjon - Det er ein føresetnad at inntaket vert senka til om lag kote 400.

Klubbeneselva kraftverk

Vert tilrådd konsesjon - Det vert anbefalt å senke inntaksområdet ned mot skoggrensa.

Skår kraftverk

Vert tilrådd konsesjon – kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urørt og at utbygger tek ansvar for straumforsyning til Skår.

Holåa kraftverk

Vert tilrådd konsesjon- Inntaket bør flyttast ned om fossen ved munninga av juvet.

Årsetelva kraftverk

Vert tilrådd konsesjon- Inntaket bør trekkast nokre høgdemeter nedanfor setra.

FrP opprettheldt framlegg om Indre Trandal kraftverk og Helgåa kraftverk som følgjer:

Indre Trandal kraftverk

Vert tilrådd konsesjon – Utbygginga er den som klart bidreg mest til ny kraftproduksjon, med over 20 Gwh / år. Minstevassføringa bør i juli og august aukast til 200 l/s på dagtid, for å oppretthalde det visuelle fjordlandskapet.

Helgåa kraftverk

Vert tilrådd konsesjon- minstevassføringa bør i juni, juli og august aukast til 100 l/s for å oppretthalde det visuelle fjordlandskapet med tanke på turistsatsinga på Øye og Norangsdalen.

Høgre fremja slike framlegg for Indre Trandal kraftverk og Helgåa kraftverk:

Indre Trandal kraftverk

Vert ikkje tilrådd konsesjon.

Helgåa kraftverk

Vert ikkje tilrådd konsesjon.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen fall i det 7 røysta mot.

2 røysta for (Hermod Halse, Kjellfrid Hovdenakk)

Innleiinga i fellesframlegget vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

Skarbøen kraftverk: Fellesframlegget vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

Klubbeneset kraftverk: Fellesframlegget vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

Skår kraftverk: Fellesframlegget vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

Holåa kraftverk: Fellesframlegget vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

Årsetelva kraftverk: Fellesframlegget vart vedteke med 9 mot 0 røyster.

Indre Trandal kraftverk:

Ved alternativ avrøysting fekk FrP sitt framlegg 4 røyster og fall (Ola Perry Saure, Wenche Volle, Odd Magne Vinjevoll, ordførar).

Høgre sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster.

Helgåa kraftverk:

Ved alternativ avrøysting fekk FrP sitt framlegg 3 røyster og fall (Ola Perry Saure, Wenche Volle, Odd Magne Vinjevoll)

Høgre sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster.



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Magnar Selbervik

Arkivsak: 2012/912

Løpenr.: 5750/2013

Utvalsaksnr.

64/13

Utval

Ørsta formannskap

Møtedato

04.06.2013

Saka gjeld: **SJU SØKNADER OM BYGGING AV SMÅKRAFTVERK I
HJØRUNDFJORDEN**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta formannskap vurderer Helgåa og Indre Trandal til å ha størst negativ konsekvens for fjordlandskapet av dei sju omsøkte småkraftverka i Hjørundfjorden. Formannskapet meiner disse to prosjekta må avslåast, for ikkje å svekke grunnlaget for ei satsing på turisme som framtidig leveveg i og langs Hjørundfjorden. Holåa har også store konsekvensar for både oppleving av landskap og biologisk mangfald og inntaket må flyttast ned om fossen og til munninga av juvet om vi skal kunne rå til ei utbygging i vassdraget.

Formannskapet rår elles til at det kan gjevast konsesjon til dei øvrige prosjekta om inntaka frå Skarbøen og Klubbeneset vert trekt ned i skoggrensa og ein unngår permanent veg til inntaka.

Saksvedlegg:

I	13.02.2013	07.02.2013	Fleire søkjarar —Søknad om løyve til å byggje 14 småkraftverk i Ørsta og Volda kommune, Møre og Romsdal - høyring	Norges Vassdrags- og energidirektorat
U	15.04.2013	15.04.2013	Landbruksfagleg uttale til oppstart av behandling av småkraftverksøknader i Ørsta kommune	Ørsta kommune, Plan- og utviklingsstaben, her

Saksopplysningar:

Frå NVE har vi motteke fleire søknader om å byggje i alt 14 nye småkraftverk i Ørsta og Volda kommune. Vi vurderer her dei 7 søknadane som gjeld Ørsta kommune, alle i Hjørundfjord-området. NVE ber høyringspartiane vurdere kvar sak for seg, men også alle sakene samla. Høyringsfristen har vore sett til ei tid på året der det har vore umogleg å gjennomføre synfaring for alle vassdraga.

Holåa kraftverk —Steffen Nordang m.fl.

Holåa kraftverk vil nytte eit fall på 365 m frå inntaket på kote 390 ned til kraftstasjonen på kote 25 i Holåa som er ei sideelv til Norangselva. Inntaket er planlagt med ein betongdam på inntil 4 meters høgde i ei lengde på om lag 20 meter over elva. Planen er å sprengje ut eit volum på 200-500 kbm bak dammen. Røyrtraseen på 1200 meter er planlagt å gravast ned aust for elva. Dei øvste 400 meter av traseen må truleg sprengjast ut. Det ligg i planane ei lenging av eksisterande traktorveg langs elva med 200 meter opp til eit planlagt riggområde på kote 130. Vidare opp til inntaket er planen å etablere ein mellombels anleggsveg i byggeperioden i traseen til røyrgate. Anleggsvegen skal fjernast når utbygginga er ferdig.

Middelvassføringa er oppgitt til 490 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 321 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,90 MW og eiter planane gje ein produksjon på 5,38 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1400 m lang elvestrekning i Holåa. Vassdraget er verna som ein del av Norangselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 120 l/s om sumaren og 20 l/s om vinteren, noko som tilsvarar 5-persentil sesongvassføring. Alminneleg lågvassføring er utregna til 26 l/s. Det skal også etablerast ein ny veg på om lag 30 meter til kraftstasjonen ved kote 25 like ovanfor samlaupet med hovudelva. Kraftverket er planlagt knytt til eksisterande 22 kV krafthinne gjennom ei 50 meter lang luftlinje over hovudelva. Avlaupet er planlagt ut i hovudelva ?.

Helgåa kraftverk —Steffen Nordang m.fl.

Helgåa kraftverk vil nytte eit fall på 883 m mellom kote 893 og kote 10 i elva Helgåa. Inntaket er planlagt med ein inntil 3 meter hog og om lag 10 meter lang dam over elvelaupet like nedstraums utlaupet av vatnet på kote 893. Det er tenkt ein kort kanal frå vatnet til eit borchol som ovanfrå vil vere ei 750 meter lang open sjakt, og vidare ein 850 meter lang tunnel. I tunnelen skal vatnet førast gjennom eit stålrør med diameter 0,5 meter. Dei siste

260 metrane ned til kraftstasjon vil røyrkata verte nedgraven. Det ligg i planane å byggje om lag 110 m ny veg frå eksisterande veg til kraftstasjonen og tunnelpåhogget.

Middelvassføringa er oppgitt til 234 l/s og største slukeevne er 468 l/s. Helgåa kraftverk vil etter framlagde planer få ein installert effekt på 3,6 MW og estimert årsproduksjon er på om lag 10,89 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 1450 meter langt elvestrekke. Det er ikkje planar om noko regulering av vatnet på kote 893. Planlagt slepp av minstevassføring er på 30 l/s i om sommaren og 7 l/s om vinteren. Alminneleg lågvassføring er utregna til 8 l/s. Avlaupet frå kraftverket er planlagt i open kanal til sjø. Kraftverket er planlagt knytt til eksisterande 22 kV nett på Øye med ein ca 1500 meter lang jordkabel langs eksisterande kommunale veg.

Skår kraftverk —Skår Kraftverk SUS

Skår kraftverk vil nytte eit fall på 237 m i Skårelva med inntak på kote 240 og kraftstasjon på kote 3. Inntaket er planlagt med ein inntil 2 meter høg betongterskel over elva ved kote 240. Magasinvolym på ca 100 kbm. Vassvegen på ca. 875 m er planlagt nedgrave langs austsida av elva. Det er lagt til grunn behov for sprenging av traseen i øvre del. Det er planlagt ein 470 m ny mellombels veg opp til inntaket. Denne skal gro att naturleg, men ligge som ein forsterka del av terrenget. I anleggsperioden vil prosjektet krevje eit rydda belta på ca 20 meter. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av ein 185 m lang traktorveg.

Middelvassføringa er oppgitt til 510 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1280 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,35 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1235 m lang elvestrekning i Skårelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 22 l/s i sommarhalvåret (mai til september), noko som tilsvare alminneleg lågvassføring. Avlaupet frå kraftverket på kote 3 er planlagt lagt ut i sjøen gjennom ein kort open kanal.

Indre Trandal kraftverk —Daniel Storeide

Indre Trandal kraftverk vil nytte eit fall på 577 m i Indre Trandalselva med inntak på kote 580 og kraftstasjon på kote 3. Frå inntaksområdet er vassvegen planlagt i fjell, først i ei 530 m lang sjakt ned til ein tunnel med lengde 400 m. Frå tunnelpåhogget på kote 150 og nedover til kraftstasjonen er planen å grave ned røyrkata på nordsida av elva ned til kommunevegen der ein vil krysse elva og plassere kraftstasjonen på kote 3 mellom kommunevegen og sjøen. Det er planlagt 750 m ny permanent veg frå den kommunale vegen og opp til tunnelpåhogget ved kote 150.

Inntaket er planlagt med ein betongdam på inntil 3 meter i ei lengde på ca 30 meter over elvelaupet. Dette vil gje eit magasinvolym på ca 2500 kbm. Bygging av inntaket er planlagt med bruk av helikopter. Middelvassføringa er 680 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,15 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 5,49 MW og etter planane gje ein årleg middel produksjon på 20,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,3 km lang elvestrekning i Indre Trandalselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 113 l/s frå juli til september og 18 l/s resten av året. Alminneleg lågvassføring er utregna til 20 l/s. Avlaupet frå kraftverket er planlagt ført ut i sjøen gjennom utgraving av terrenget i forkant til ei ny småbåthamn. Kraftverket er vidare planlagt knytt til eksisterande 22 kV nett gjennom ein 50 meter lang jordkabel. I planane ligg også ei opprydding med blant anna fjerning av eit eldre nedlagt smoltanlegg.

Klubbeneselva kraftverk —Småkraft AS

Klubbeneselva kraftverk vil nytte eit fall på 585 m frå inntaket på kote 600 ned til kraftstasjonen på kote 15. Inntaket er planlagt som ein utsprengt kulp (300-500 kbm) bak ei steinfylling på ca 30 m med inntil 2 meters høgde. Tilløpsrøyrret blir 1870 m langt, med ein diameter på om lag 0,5 meter, og er planlagt nord for elva og i dagen på det meste av strekninga (røyrkata skal dekkjast til på høvelege stadar for kryssing). Det må ryddast ein korridor på 10-15 meter for legging av røyrret. Det er planlagt bygd ein kort veg på ca 10 meter til kraftstasjonen, og ein eksisterande skogsveg vil bli nytta som anleggsveg opp til kote 40. Anlegget skal elles byggast veglaust, ved bruk av taubane.

Middelvassføringa er 0,165 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 0,412 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,9 MW og etter planane gi ein produksjon på 5,51 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,9 km lang elvestrekning i Klubbeneselva. Det er planlagt slepping av ei minstevassføring på 12 l/s heile året, noko som tilsvarar alminneleg lågvassføring. Frå kraftstasjonen er det planlagt ein 5-10 m lang kanal eller nedgravd røyr attende til elva. Kraftverket er planlagt knytt til eksisterande 22 kV nett gjennom ein 100 meter lang jordkabel.

Skarbøen kraftverk —Rolf Skarbø

Skarbøen kraftverk vil nytte fallet i Skarbøelva mellom eit inntak på kote 415 og kraftstasjon på kote 2 med avlaup direkte til Hjørundfjorden. Inntaket er planlagt som ein utsprengt kulp (ca 600 kbm) med ein ca 5 meter lang betongterskel over elvelaupet. Røyrkata på ca. 1400 meter og diameter på 0,5 meter er planlagt gravd ned sør for elva. På først del ned til kote 300 må røyrkata sprengjast ned i fjell. Det skal ryddast ein 30 meter brei trase i anleggstida. Det er planlagt 1,4 km ny 4 meter brei permanent veg opp til inntaket og vegen må leggjast i svingar i bratt terreng i nedre del. Til kraftstasjonen ved kote 2 er det planlagt ny ved frå fylkesvegen.

Middelvassføringa er 218 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 601 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,17 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 11 l/s heile året, noko som tilsvarar utrekna alminneleg lågvassføring. Kraftverket er planlagt knytt til eksisterande 22 kV kraftlinje med jordkabel i røyrtraseen. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1235m lang elvestrekning i Skarbøelva

Årsetelva kraftverk —Kvistad og Årset Kraftlag AS

Årsetelva kraftverk vil nytte eit fall på 340 m mellom eit inntak på kote 450 nedanfor Kvistadsetra og ein kraftstasjon på kote 110 i Årsetelva som er ei sideelv til Bondalselva. Inntaket er planlagt med ein lausmasseterskel på inntil 0,7 meter i ei lengde på ca 15 meter over elva nedanfor Kvistadsetra. Sjølve inntaket er planlagt i enden av ein kanal ved sidan av sjølve elva. Røyrkata på 3200 m (diameter på 0,5 meter) er planlagt nedgravd, langs eksisterande veg. Øvste del vil gå over dyrka mark. I nedste del der røyrtraseen skil seg frå vegen er planen å nytte røyrtraseen som ein mellombels anleggsveg. Det er planlagt bygd ein ny ca 200 m lang tilkomstveg til kraftstasjonen.

Middelvassføringa er 1,07 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 0,32 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,39 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3,4 km lang

elvestrekning i Årsetelva, som er ei sideelv til Bondalselva og følgeleg eit verna vassdrag. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 80 l/s om vinteren. 80 l/s tilsvargar alminneleg lågvassføring. Kraftverket er planlagt knytt til eksisterande 22 kV nett med ein 350 meter lang jordkabel.

Søknadane har vore lagt ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i perioda 14.02 – 10.05.13. Merknadane går til NVE og vert ikkje sitert her. Fråsegner som likevel vert sendt i kopi til kommunen vert lagt til referat i formannskapet.

Høyringsfristen var sett til den 10.05.2013, men kommunen har fått utsett frist til møte i formannskapet den 4. juni 2013. Tidlegare har slike saker også vore handsama i kommunen sine andre utval som underlag for ein samla uttale frå formannskapet. Grunna stor saksmengde og tidspunktet på året har ein ikkje fått gjennomført synfaringar på alle prosjekta og ikkje hatt høve til ein slik omfattande saksgang. I tidlegare saker har både vilt- og innlandsfiskenemnda (VIN) og fagutval for utbygging og miljø (FUM) peika på at konsekvensane av ei samla belastning ikkje vert fanga opp i handsaming av enkeltsaker og må takast betre omsyn til.

Landbruksnemnda har derimot handsama søknadane i si sak 14/13 den 11.04.13:
"7 av søknadane gjeld småkraftverk i Ørsta kommune, alle lokalisert i Hjørundfjordområdet. Landbruksnemnda ser få ulemper og konflikter i høve landbruket. Vegar som er planlagt i samband med utbyggingane vil kome landbruket til nytte i ettertid. For søknadane der rørgatene vil gå gjennom jordbruksareal saknar nemnda grundigare omtale av gjennomføringa, og kva omsyn som vert gjort for å sikre attendeføring."

I planstrategien og samfunnsplanen til kommunen er det vedteke å utarbeide ein plan for utbygging av slike småkraftverk/ samla prioritering av vassdrag. NVE sitt krav om ei samla vurdering av konsekvensane for fjordlandskapet ved dei mange søknadane om utbygging av småkraftverk i Hjørundfjorden vil kunne fungere som ein slik plan for dette fjordområdet.

I kommuneplanen sin arealdel er alle områda avsett til LNF-føremål. Helgaa ligg i si heilheit i LNF- sone D kommuneplanen si strengaste LNF-sone. Også inntaka og øvre del av dei omsøkte kraftverka Skarbøen, Klubbeneselva, Indre Trandal og Holåa ligg i LNF-område sone D med følgjande føresegn:

"Innanfor desse områda finn ein særleg viktige friluftslivs- natur- og viltinteresser. Det vert synt til temakart nr. 2, 5 og 8 frå Fylkesmannen. Bygging- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksverksemd vert ikkje tillate. Oppføring av fritidshus vert ikkje tillate med unntak av i regulerte felt". Dette er område der natur og friluftslivsinteresser er prioritert og i utgangspunktet ikkje skal byggjast ut.

Årsetdalen og Skår ligg i LNF sone C som er meir tradisjonelle landbruksområde:

"Landbruks, natur- og friluftslivsområde. I desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormyndene ikkje har merknader. Nokre av dei registrerte viltområda i høve viltregisteret til fylkesmannen ligg i denne sona. Det vert synt til temakart nr 8"

Nedre del av ytre Hjørundfjordstranda (Skarbøen, Klubbeneset og Indre Trandal ligg i LNF sone B med følgjande føresegn:

"Innanfor desse områda kan det vurderast å gje løyve til spreidd busetnad. Oppføring av fritidshus kan tillatast, men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormynde ikkje har merknader."

Sjølve plasseringa av kraftstasjonen ved Indre Trandal er i kommuneplanen sin arealdel avsett til setjefiskanlegg. Sjøområde rett utanfor Skarbøen er sett av til sjøanlegg laks.

Det gjeld i tillegg følgjande for 100- meters belte langs sjø:

Spreidd utbygging av bustad-, nærings-, og fritidshus vert ikkje tillate i 100 m belte langs sjø på grunn av omsynet til friluftsliv, fri ferdsel, landskap og naturverdiar. Unntak frå dette er byggjeområda og områda for havbruk som går fram av oversiktskartet. Der riksveg og fylkesveg kjem nærare sjøen enn 100 m, skal vegen vere grense for forbodet.

I temakart til kommuneplanen er det registrert sårbare viltområde (rovfugl) nære det planlagde inntaket ved Klubbenseelva kraftverk, og aust for Skåranakken (Skår). Elles viktig vinterbeite område for hjort i lia ved Skarbøen og nedre del ved Holåa.

I nærleiken av utlaupet av Helgaa er det registrert oterhi. Områda ved Trandal og Skår er vurdert som viktige leveområde for arten og strekninga Skarbøen – Klubbeneset er vurdert som leve/jaktområde i ei eiga kommunal kartlegging.

I temakart friluftsliv til kommuneplanen er fjellområdet Ørsta- alpane som blant anna omfattar øvste del av prosjektet Skarbøen og Klubbeneselva prioritert som nasjonalt viktig. Også øvre del av søknaden på Indre Trandal inngår i eit natur- og friluftsområde som er vurdert som nasjonalt viktig. Fjellområda ved Holåa/Helgaa og frå Kvistaddalen mot Skårasalen (Årsetelva) er prioritert som regionalt viktige.

Norangsfjorden- og dalen er eit særprega område med store kontrastar. Heile området er prioritert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, pga fjordlandskapet og seterdrift.

Alle søknadane er innretta mot produksjon av kraft for sal og ikkje avgrensa til eige behov knytt til tradisjonell landbruksverksemd og vil også krevje handsaming som dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Kraftstasjonen på Indre Trandal vil også krevje dispensasjon frå arealbruksføremålet.

I framlegg til ny kommunedelplan for kystsona er område avsett til akvakultur ved Skarbøen justert nordover. Heile område sør for elva ved Indre Trandal er foreslått avsett til næring E5 med krav til reguleringsplan:

Innanfor byggeområda E1- E9 kan det byggast frittstående og kjeda utleigehytter, bygningar for service, servering eller overnatting, camping og liknande som grunnlag for satsing på turisme som næringsveg.

Kommunedelplanen for kystsona prioriterer småskala reiseliv og turisme som framtidig satsingsområde og grunnlag for busetjing og næringsutvikling i og langs Hjørundfjorden.

Søknadane gjeld løyve etter vassressurslova sin § 8 som lyder:

"Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan vere til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon frå vassdragsmyndigheten."

Vurdering og konklusjon:

Som argument for søknadane vert det vist til at utbygging vil gje inntekter til grunneigarane og skatteinntekter til kommunen. Moglegheita dette gjev som framtidig grunnlag for busetjing, anna næringsutvikling og drift av kulturlandskap vert også trekt fram. For den einskilde grunneigar vil inntekt frå sal av kraft kunne bety mykje økonomisk. I Prosjektet på Skår ligg også ei opprustning av fergekai og bygdeveg og søknaden vert vidare grunngjeven med at kraftverket vil utløyse ein ny sjøkabel som vil sikre framtidig straumforsyning til bygda. Det er likevel stor usikkerheit i kva grad ein kan leggje til grunn at ei utbygging på Trandal eller Skår vil vere med å sikre framtidig busetjing og drift av kulturlandskapa der.

Dei 14 konsesjonssøkte småkraftverka i Volda og Ørsta har samla ein årleg kraftproduksjon på om lag 128 GWh (0,128 TWh). Med eit forbruk av straum på om lag 16000 kWh pr år vil det kunne gje straum til ca 8000 husstandar. Av dette utgjer dei 7 omsøkte prosjekta i Ørsta kommune ca 59 GWh.

I Ørsta kommune vert det i dag produsert langt meir elektrisitet frå vasskraft enn det ein forbrukar. I følgje lokal energiutgreiing frå 2011 vart det ved årleg normalproduksjon av elektrisitet frå vasskraftverk produsert om lag 421 GWh i kommunen. Biobrensel er då ikkje teke med. Forbruket av elektrisitet var 173,5 GWh. I fylket er det derimot kraftunderskot på ca 3 TWh pga lokalisering av kraftkrevjande industri og er avhengig av overføring frå andre delar av landet.

Småkraftverk utan reguleringsmagasin kan ikkje styrast i takt med behovet og produksjonen av elektrisitet vil svinge etter vassføringa og årstid. Auka produksjon gjennom utbygging av småkraftverk bidreg likevel til forsyninga regionalt gjennom å redusere behovet for nedtappinga av ordinære magasin i større kraftverk i periodar med drift. Auka produksjon av vasskraft gjev i seg sjølv ikkje reduserte CO₂-utslepp, men vil kunne redusere behovet for produksjon av meir ureinande energi frå andre energikjelder.

Det har fram til no vore uråd å få ut meir kraft frå Hjørundfjorden. Også eksisterande kraftverk (Urke og Trandal) produserer med redusert kapasitet på grunn av manglande nettkapasitet. I tillegg til Statnett si nye 420 kV kraftlinje har Tussa Nett fått løyve til å byggje ei ny 132 kV kraftlinje gjennom Bondalen for utfrakting av produsert elektrisitet frå eksisterande og planlagde nye småkraftverk langs Hjørundfjorden. Planen er å etablere fleire nye 22 kV sjøkablar (Skår, Urke og Trandal) til ein planlagd ny transformatorstasjon ved Hustad/Sæbø.

Utbygging av mange små kraftverk innanfor eit fjordlandskap slik det no vert søkt om vil føre til bortfall av fleire viktige landskapselement, som elvar, fossar og stryk, noko som vil ha verknad for landskapet sin karakter og særtrekk. Kvart einskilt inngrep kan isolert sett ha avgrensa konsekvens, men summen av fleire inngrep kan medføre store konsekvensar i høve opplevingsverdiar knytt til landskapet. I tillegg har summen av slike inngrep også liknande konsekvensar i høve tap av viktige naturtypar, men også som leveområde for artar som i utgangspunktet kan vere relativt vanlege. I Stortingsmelding 26 (2006-2007) står: *"vassdragene skal forvaltes gjennom helhetlig arealpolitikk som sikrer vassdragslandskap, vassdragsbelter og vannressurser"*. Olje- og energidepartementet (OED) sine *"Retningslinjer for*

små vannkraftverk" omhandlar bl.a. fjordlandskapet og peikar på at ein må være spesielt merksame på den samla verknaden av fleire inngrep og effekten av ei "bit for bit" utbygging.

Ved både Skarbøen, Klubbeneselva, Helgåa og Indre Trandal er inntaka planlagt oppe i snaufjellet/godt ovanfor skoggrensa. Med unntak for Øyadalen kraftverk, der Harpedalsvatnet er nytta som eit flaumdempande magasin, er inntaka på andre småkraftverk i kommunen trekt ned i eller under skoggrensa. Vi meiner dette er eit prinsipp ein bør halde på. Summen av søknadane vil innebere ein betydeleg reduksjon i prioriterte inngrepsfrie naturområde. Ved Skarbøen er det også planlagt permanent ny veg opp til inntaket. Grunngevinga er at dette vil gje grunneigar auka moglegheit for å ta ut skog. Vi finn å måtte rå i frå ein slik vegtilkomst opp i snaufjellet. Alle mellombels anleggsvegar bør leggjast langs sjølv røytraseen og naturleg få gro att, eventuelt ligge som ein revegetert køyreforsterka del av terrenget.

På Indre Trandal er inntaket tenkt plassert oppe i ein heilt urørt fjelldal (Litledalen). Dette inngrepsfrie naturområdet er også saman med buffersona til Skår, Helgåa og Holåa særleg viktig då dei er samanhengande inngrepsfrie område som går frå fjord til fjell.

Både Skarbøen og særleg Klubbeneselva har ein høg utbyggingskostnad (4,36 og 5,54 kr/kWh). Ei flytting av inntaka nedover til skoggrensa til redusere utbyggingskostnaden med prosjekta og gjere tilsyn med inntaka enklare utan etablering av permanente tilkomstvegar. Også Skår kraftverk har ein utbyggingskostnad på over 4 kr/kWh. Då er heller ikkje kostnaden med ein ny sjøkabel til Sæbø som er ein føresetnad for prosjektet irekna.

Skredfare:

Lisida for Skarbøen og Klubbeneselva er vurdert som potensielle fareområde i NGI sitt faresonekart for snø og steinskred. Skår, Holåa og Indre Trandal kraftverk ligg også i utlaupsområde for steinsprang og snøskred. Dette er feil omtala i søknadane for Indre Trandal og Klubbeneselva. Inntaket til Årseteevla kraftverk ligg også i utlaupsområde for snøskred. Bortsett frå sjølv inntaket ligg også Helgåa i skredområde for både stein og snøskred. Det vert i søknaden vist til at ei utbygging ved Holåa vil kunne ha ei positiv effekt i høve sørpeskred.

Biologisk mangfald:

Nokre av biologisk mangfald (bm)-rapportane viser til førre utgåva av raudlista frå 2006. Ny raudliste kom i 2010 (artar) og 2011 (naturtypar). Berre ein av bm-rapportane omtalar at elvelaup no (frå 2011) er ei raudlista naturtype. Dette burde vere grunnlag for ein auke i verdivurderinga av alle elvane, men vil gjelde for alle slike saker og såleis ikkje påverke den innbyrdes rangeringa av kva søknader som er mest i konflikt med ålmenne interesser.

Det er særleg ei utbygging av Holåa som er i konflikt med registrerte verdfulle naturtypar. To fossesprøytsoner, ei bekkekløft og eit myrområde. Det er særleg fossesprøytsona og ei fosse-eng i tilknytning til juvet som er høgt verdsett (kategori B). BM rapporten for Holåa omtalar at prosjektet er dårleg tilpassa og forankra i landskapet sine former og element og rår til at inntaket vert lagt nedanfor fossefallet i Konedalen. Konfliktane i høve biologisk mangfald vil då kunne verte fjerna. Dei aller fleste slike fossesprøytsoner i kommunen er alt påverka av redusert vassføring frå utbygging av kraftverk. Naturtypen i Holåa er godt utvikla, spesiell i kommunal målestokk og står i sterk kontrast til omgjevnadane og den skyggefulle Konedalen. Fossen er vidare eit viktig landskapselement. Også av omsyn til opplevinga av landskap og friluftsliv bør sjølv inntaket lokaliserast nedanfor fossen. Med ei lokalisering i nærleiken av munningen av det markerte juvet vil ein gå klar av fosse-enga og dei samla konfliktane i

prosjektet vere vesentleg redusert. Med ei slik justering vil vi administrativt kunne rå til ei utbygging i Holåa.

Det er elles registrert ei lokalt viktig naturtype – rikt engsnøleie ved det planlagt inntaket på Skår. Tiltaket vil i følgje bm-rapporten knapt kome i fysisk konflikt med lokaliteten, men vil påverke verdien av den med redusert vassføring. Rapporten er klar på at det bør setjast krav til heilårs minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring også på Skår.

Området mellom kote 90 og 200 i Helgåa er i bm- rapporten registrert som eit overrisslingsberg under definisjonen andre viktige førekomstar med verdsetjing C (lokalt viktige). Denne naturtypen er sjeldan i lokal målestokk. Grunna vanskeleg tilgjenge er heile området frå kote 160 opp til ovanfor fossen ved kote 840 ikkje nærare undersøkt. Lokaliteten kan difor vere betre utvikla og viktigare enn det som er lagt til grunn, sjølv om det på avstand ser ut til å kun vere snaue fjellveggar utan utvikla fosse-eng. Konsekvensen av ei utbygging vert vurdert å ha stor negativ konsekvens for lokaliteten.

Ein førekomst av solblom er lokalisert i området nedanfor planlagt kraftstasjon i Årsetelva og trase for jordkabel må justerast i høve denne. Solblom er ein indikatorart på kontinuitet som slåttemark. Dette er no er ein utvalt naturtype gjennom forskrift heimla i naturmangfaldlova.

Det vert elles i søknaden til Klubbeneselva vist til ei registrering av den raudlista planten Kvitkurle, men omtala at den kjem utanfor det området som vert berørt. Ut frå oppgjevne koordinatar verkar dette noko uklart og må avklarast nærmare.

Varig verna vassdrag/fisk:

I tidlegare saker om småkraftverk i kommunen er det vist til at to vassdrag alt er varig verna mot kraftutbygging. Det er Bondalselva og Norangselva. Årsetelva og Holåa er første sideelvane i slike verna vassdrag som no vere søkt bygd ut lokalt. Ein føresetnad for utbygging i slik vassdrag er at dette ikkje går ut over dei konkrete verneverdiane. Det er utarbeidd eigne VVV-rapportar over verneverdiane som er lagt til grunn.

Ved vernet av både Bondalselva og Norangselva vart det lagt vekt på prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv (herunder laksefiske) og kulturminne. Juvet i Konedalen og fossen i Holåa er svært viktige landskapsformer som er skapt av vatn og må vurderast som viktige element i grunnlaget for vernet av Norangselva.

Nedste del av Årsetelva er i VVV-rapporten prioritert som grunnlag for friluftsliv og laksefiske. I elveeigarlaget si kartlegging av inngrep og arealstatus langs Bondalselva er Årsetelva vurdert som mogleg gyteelv. Masseforflytting og tersklane som vart etablert her av Statens vegvesen har vore trekt fram som eit hinder for oppgang av laks grunna manglande vedlikehald. El-fiske registreringa som ligg ved søknaden fann ikkje laks på den omsøkte strekninga av elva. Viktigaste gyteområda i Bondalselva er fremste del av elva (Videtjørnelva og Sledalselva i Rognestøydalen). I driftsplanen til Bondalselva frå 2006 står:

"Årsetelva i Kvistaddalen er også lakseførande enkelte år. I 2000 vart det til dømes registrert 5-6 gytepar i nedre del av Årsetelva, og i 2005 eit gytepar (Bjørn Urkeggerde pers. medd.). Dei siste åra har elva lagt opp ein stor terskel av elvegrus ved utløpet som har vanskeliggjort oppgang av laks og sjøaure." ... "Ål høyrer naturleg heime i vassdraget."

Om tersklane eller oppstuing av masse fungerer som ei mellombels fiskesperre grunna manglande vedlikehald bør dette ikkje tolkast som om det ikkje kan gå anadrom fisk opp i

nedste del av Årsetelva. Kraftstasjonen er planlagt ovanfor tersklane og så langt opp i sideelva at det likevel neppe vil vere avgjerande konflikt i høve oppgang og gyting av laks. I øvre del av vassdraget er elvebotn stabil.

Ål som tidlegare var relativt vanleg er no raudlista som kritisk trua, der kraftturbinar er ein konkret årsak. Sjølv om ål ikkje vart påvist i samband med el-fiske verken i Årsetelva eller Holåa bør ein ta omsyn til at arten førekjem i hovudvassdraga. Ein bestand av elvemusling finst i øvste del av Bondalselva, men ikkje i den omsøkte sideelva.

Indre del av Kvistaddalen frå inntaket nedanfor Kvistadsetra er prioritert som lokalt viktig for friluftsliv som eit urørt fjellområde i storarta natur. Elles viser vvv-rapporten til Kvistadsetra og ruinar av eit sel langs Årsetelva. Disse kjem ikkje i direkte konflikt med den planlagde traseen, men det opne landskapet rundt Kvistadsetra vil verte påverka og det planlagde inntaket som bør trekkjast nokre høgdemeter nedanfor sjølve setra. Kvistaddalen er eit viktig og mykje nytta utgangspunkt for fjellturar, td Skårasalen.

Nedre lakseførande strekninga av Norangselva (ca 4,5 km) er verdsett til regional verdi i VVV-rapport 2001-10. Også fjellområda Stålberghornet – Konehornet- Jakta er vurdert å ha regional verdi knytt til friluftsliv, der fråvær av fysiske inngrep er viktig.

Alle søknadane viser til elvelaupet er for bratt eller at botnsubstratet er dominert av grove massar og omfanget av eigna gyte- og oppvekstområde for fisk er vurdert å vere avgrensa. Det er likevel førekomst av aure i elvane. Ved Helgåa og Skarbøen kan fisk gå opp ei kort strekning. Både i høve fisk, men også for botndyr og larvar, herunder som grunnlag for mat til fugl som fossekall og strandsnipe, har summen av slike utbyggingar ein klar negativ sum konsekvens. Særleg Indre Trandalselva er vurdert som veleigna for fossekall med sine mange større og mindre fossar og stryk. Arten er også dokumentert hekkande langs Årsetelva og Holåa.

Kraftstasjonar:

Planlagt kraftstasjon ved Skarbøelva og Skår vert svært synlege frå sjøen. Kulturlandskapet nede ved sjøen der kraftstasjonen på Skår er planlagt bygd er særprega og ein viktig del av fjordlandskapet. Dette er ikkje staden for monumentale kraftstasjonar. Det vil vere viktig med god utforming og tilpassing i landskapet. Dette må avklarast nærare i dispensasjonssak. Ein bør vurdere å flytte kraftstasjonen ved Skarbøen ovanfor vegen.

Den omsøkte plasseringa av Indre Trandal kraftverk føreset fjerning av eit eldre smoltanlegg og utgraving av eit areal til småbåthamn. Opprydding i området og fjerning av smoltanlegget vil vere positivt. Det er nyleg etablert ei småbåthamn i tilknyting til Christian Gard og vi kan ikkje sjå at behovet for ytterlegare ei småbåthamn er grunngeve. Dette er også noko som i utgangspunktet ligg utanfor handsaminga etter vassressurslova.

Det vert elles ved Indre Trandal vist til planar om etablering av hytter langs den planlagde vegen opp til tunnelpåhogget. Dette arealet er i utgangspunktet ikkje opna for slik utbygging. Det har heller ikkje kome innspel om dette i samband med varsel om oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Området er bratt, skredutsett og tilkomstvegen slik den er planlagt stettar ikkje normale krav til tilkomst.

Handtering av masse:

Driving av tunellen som er planlagt som vassveg for både Helgåa og Indre Trandal kraftverk vil gje mykje overskotsmasse. Ved Trandal omfattar planen også utgraving av ei småbåthamn. Planen er vidare å nytte overskotsmasse frå drivinga av tunellen til å avslutte dei to gamle massetaka. Handtering av masse i prosjektet vert omfattande og må eventuelt utgreiast nærare i ein detaljplan om det vert gjeve konsesjon. Kryssing av elva og nedste del av prosjektet synes krevjande.

Den kommunale vegen på Trandal er i følgje veglista brukarklasse (BK) 6 (maks tillatne aksellast på 6 tonn) og omfattande opprusting av vegen må krevjast før ein eventuelt kan starte omfattande arbeid med transport av masse frå den planlagde tunellen.

Også ved Helgåa er det planlagt uttak av store mengder masse til tunell med tverrsnitt på 16 kvm og lengde på 850 meter i tillegg til ei sjakt på 750 meter med diameter på 0,5 m. Det er her planlagt eit mellombels masselager, men dette må i neste omgang fraktast ut på den kommunale vegen. Eit masselager her vil også verte godt synleg i eit viktig landskap. Vegen frå Øye til Stennes (Helgåa) har ifølgje veglista brukarklasse BK 8.

Vassforskrifta:

Det er utarbeidd ein gjeldande forvaltningsplan for Søre Sunnmøre vassområde for perioden 2009-2015. Målet er god økologisk tilstand i alle vassførekomstar. Sjølv med føresetnad om minstevassføring vil ei utbygging måtte gje grunnlag for ei nedjustering av den økologiske tilstanden i dei fleste vassdraga frå naturtilstand (meget god) til god. Sjølv om ein legg til grunn at miljøtilstanden i slike utbygde vassdrag framleis kan nå målet om god økologisk tilstand, seier vassforskrifta at miljøtilstanden ikkje skal forverrast. I kva grad ei utbygging med krav om standardiserte minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring eller 5 % persentilen av sommar og vintervassføring vil forverre miljøtilstanden burde vore betre dokumentert med målingar ihht vassforskrifta (biologiske kvalitetselement som botndyr, algar, fisk og fysisk-kjemiske og hydromorfologiske kvalitetselement), både før og etter. Elles kan ein ikkje dokumentere om tilstanden vert vesentleg forverra eller ei. Behandling av konsesjonssøknadane bør også koordinerast med arbeidet med tiltaksanalysar i vassområda.

Sumeffektar:

Det er utarbeidd ein eigen samlerapport over konsekvensane for fjordlandskapet som omfattar dei 5 søknadane med avlaup rett i fjorden. Holåa og Årsetelva er ikkje vurderte i samlerapporten, truleg då dei ikkje har avlaup rett i fjorden. Holåa er likevel ein heilt naturleg del av det same landskapsrommet og burde vore med i vurderinga. Dette går også fram i inndelinga av delområde i rapporten. Norangsfjorden er her delområde 3.

Kommunen har lagt til grunn at ikkje all vassdragsnatur skal byggjast ut og at ein gjennom ei samla tilnærming skal vurdere kva vassdrag som har størst verdiar og såleis skal haldast fri frå utbygging av omsyn til konsekvensar for landskap, natur, friluftsliv, biologisk mangfald mv. Gjennom handsaming av denne saka tek kommunen no i stor grad stilling til resten av vassdragsnaturen i Hjørundfjordområdet.

Vurderinga av samla belastning på fjordlandskapet vurderer utbygging av Helgåa og Indre Trandal som dei mest negative i høve konsekvensar for fjordlandskapet. Vi er samde i denne vurderinga og meiner at disse to prosjekta bør utgå i sin heilskap. Fossen i Helgåa er eit svært viktig landskapselement og synleg frå store delar av Norangsdalen og fjellområda rundt, bla. Slogen. Også i høve tap av inngrepsfri natur er konsekvensane av ei utbygging av Helgåa og Indre Trandal vurdert størst.

Skårelva er også eit viktig landskapselement med si plassering midt i Hjørundfjorden og godt synleg langs hovudferdselsåra over fjorden, ved innseglinga til Norangsdalen. Ved planlagt minstevassføring vil kun delar av Skårelva vere synleg (vedlegg 6 i søknaden). Først ved ei vassføring tilsvarende middelvassføringa vil tilnærma heile vasstrengen vere synleg.

Røyrtraseen på Skår vil likevel i større grad enn dei Helgåa og Indre Trandal gå over dyrka areal og kunne revegetere raskare. Inntaket er også søkt nedanfor sjøelve fossen. Det er såleis først og fremst fråføringa av vatn som vil vere problematisk her. Røyrtraseen må elles gå gjennom ein markant steingard like nedanfor fellesfjøsen. Vi vurderer omsøkte utbygging på Skårelva slik det er planlagt som betre tilpassa omgjevnadane enn søknadane på Helgåa og Indre Trandal.

Vi ser av samlerapporten at konsekvensane av tap av inngrepsfri natur er vurdert høgare i samlerapporten enn i einskildsøknadane. Ei utbygging av Helgåa er også konkret vurdert å ha stort negativt konsekvens i høve friluftsliv og reiseliv. Om Holåa hadde vore medteken i denne rapporten, finn vi det sannsynleg at dette vassdraget også ville vorte vurdert som eit av dei vassdraga med størst negative konsekvensar.

I søknaden til Helgåa kraftverk kjem det fram at *”uansett vil den planlagte minstevassføringen på 0,03 m³/s føre til at Helgåas bidra til opplevelsen av landskapet stort sett forsvinner under storparten av ein normal sommar. Med utgangspunkt i de illustrasjoner av elva som er tilgjengelige kan det se ut som det vil trenge en vannføring opp mot middelvannføringen for at Helgåa skal framstå som en viktig opplevelsesfaktor og bidra nevneverdig til helhetsinntrykket av Norangsdalen og Norangsfjorden”* Ei så stor minstevassføring vil gje ein redusert produksjon til 6,7 GWh og ein utbyggingskostnad på 6 kr/kWh. Vi meiner Helgåa er eit så særprega og viktig vassdraga for naturen og opplevinga av landskapet i Norangsfjorden at det må bevarast for ettertida.

I samlerapporten for vurdering av samla belastning på fjordlandskapet er ei utbygging av Helgåa kraftverk omtala slik: *”då dette landskapselementet er en viktig del av opplevelsesverdien knyttet til fjorden, vil utbyggingen betydelig redusere de samlede landskapskvaliteter i fjordlandskapet”*

Det er primært bortføring av vatn og den samla belastninga dette gjev på fjordlandskapet som er vurdert i samlerapporten til Miljøfagleg Utredning. Sumeffektar i høve andre konsekvensar som vegar, masselager, biologisk mangfald og artar som lever i og langs elva er ikkje omfatta.

Vurderinga av samla belastning på fjordlandskapet vurderer elles at *”hvis samtlige (5) realiseres som planlagt, endre fjordlandskapets karakter innenfor utredningsområdet. Både nedløpselvenes samlede inntryksstyrke og utredningsområdets INON-status endres i så stor grad at de svekker utredningsområdets representasjon av landskapshovedtypen. Prosjektene har ulikt bidrag til sumvirkningen. Skarboen og Klubbeneselva kraftverk bidrar i relativt liten grad til den samlede sumvirkningen.”* Det er ei utbygging av Helgåa og Indre Trandal som er vurdert å ha størst samla konsekvens med Skår slike bak.


Oppsummering:

Kommunen har vedteke ei satsing på småskala turisme og reiseliv som grunnlag for framtidig busetjing og næringsutvikling i og langs Hjørundfjorden. Fjordlandskapet med vassdrag og fossar er eit viktig grunnlag for ei slik satsing.


Utbygging av småkraft vil kunne gje eit tilskot til fornybar energi og inntekter lokalt, men vil i eit slikt omfang som no vert presentert kunne endre fjordlandskapet sin kvalitet vesentleg.

Dette vil vere uheldig i høve prioriteringa av turisme som framtidig leveveg i og langs Hjørundfjorden og vesentleg redusere opplevingsverdien i høve natur og friluftsliv. Levande vassdrag og fossar er den viktigaste merkevara i fjordlandskapet. Det vil vere eit stort tap om dei fleste vassdrag/fossar i Hjørundfjorden vart bygd ut og redusert slik at dei ikkje lengre bidrog til landskapsbilete i særleg grad. Vi har også eit ansvar for å ivareta nokre representative vassdrag urøyrte og viktige naturtypar for ettertida.

Rådmannen er samde i samlerapporten som vurderer Helgåa og Indre Trandal til å ha størst negativ konsekvens for fjordlandskapet. Vi meiner desse to prosjekta må avslåast. Holåa har også så store konsekvensar for både oppleving av landskap og biologisk mangfald at inntaket må flyttast ned om fossen og til munninga av juvet om vi skal kunne rå til ei utbygging i vassdraget. Ut frå ei samla vurdering og med vising til føringar frå tidlegare handsaming av slike saker og til prioriteringa ovanfor, finn vi å kunne rå til konsesjon på dei øvrige prosjekta, men då med føresetnad av at inntaka i Skarbøen og Klubbeneset vert trekt ned i skoggrensa. Elles viser vi til omtalar på ulike tema i saksutgreiinga ovanfor.



Wenche Solheim
Rådmann



Eldar Øye
Leiar plan- og utviklingsstaben